

REFERAT- MØTE MED FAU VED ULSTEIN SKULE

Tid: Tysdag 18. november klokka 17.00-18.30

Stad: Ulstein skule

Til stades:

- FAU-representantar
- Rektorane ved Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule
- Kommunalsjef for oppvekst
- Leiar og representant for arbeidsgruppe overgang elevar og tilsette og trafikktryggleik
- Plasstillitsvalde og verneombod ved Ulstein skule

Informasjon om arbeidet med skulesamanslåing ved kommunalsjef for oppvekst.

Møtet starta med velkommen og ein kort presentasjon av kommunalsjef der ho viste korleis vi har arbeidd for å sikre ein god prosess for involverte i prosessen. Det er oppretta tre ulike arbeidsgrupper.

- arbeidsgruppe for trafikktryggleik
- arbeidsgruppe for god overgang elevar og tilsette
- arbeidsgruppe for personalarbeid

FAU etterlyste i starten av møtet konkrete planar, tidslinjer og betre informasjon.

Arbeidsgruppene jobbar for at aktivitet skal skje. Har laga ein mal for alle trinna son lærarane på skulane kan fylle inn aktivitetar dei tenkjer dei vil gjennomføre på dei ulike klassetrinna. Vi jobbar godt, brukar mykje tid for at dette skal bli bra. Det er viktig å legge til rette for aktivitetar som er trygge og gjennomtenkte slik at sjølv dei sårbare elevane skal oppleve at møtet med ny skule og nye elevar vert godt.

Trafikktrygging:

Presentasjon v/ Arne Runar Vik. Arbeidsgruppa for trafikktryggleik arbeider ut i frå vedtaket til kommunestyret.

Dette er det som vert prioritert i arbeidet:

- Av og påstiging buss ovanfor Ulstein Arena
- Utvikle sone for avlevering og henting privatbilar i området ovanfor Arena.
- Legge til rette for at gåande nyttar Kyrkjegata frå nordvest.
- Utgreie skilting i området

Framdriftsplan: Det er ei stram tidslinje, men ein har tru på at ein vil vere i mål med fleire av tiltaka til skulestart.

FAU kom med innspel på at det må takast høgde for at det vil verte ei auke i trafikk til og frå Skeide/Ulstein.

Rektorane orienterte om gjennomført og planlagd aktivitet.

Norunn Lindvik Velsvik: På Ulstein skule snakkar vi med både elevar og føresette om det som skal skje til neste haust. Har hatt hyppigare elevrådsmøte der ein har og vil framover ta imot spørsmål som blir tatt vidare inn i arbeidsgruppene, og som ein prøver å svare ut etterkvart.

For elevar som har særskilde omsyn startar ein med overføringsmøte no i løpet av fyrste halvdel av desember. Rektorane har også møte med PPT for å ha lik informasjon.

For tilsette har vi gjennomført første fellesmøte, med ei omvising på bygget. Dette var veldig positivt. Neste møte vert 12. januar og tema er fagleg inkludering. Det vil verte planlagt møte mellom lærarar på skulane på dei ulike trinna i næraste framtid. Overordna for desse møta er å sikre god overgang og gjennomføring.

Synnøve Haug: Vi ønsker alle velkomne til Ulsteinvik barneskule og har forståing for at føresette er spente. Vil gjere vårt beste for å sikre ein god og trygg overgang for elevane. Elevar frå Ulstein har vore på besøk og sett på uteområdet, neste steg er å få gjere seg kjende inne på skulen. Det vert i samarbeidet arbeidd med å lage ein konkret plan for dei ulike trinna for korleis lage gode møte mellom elevane.

Karen Strand: Det vil bli meir praktisk aktivitetar etter kvart, og det er viktig at det er lærarane som kjenner elevane som planlegg.

FAU seier at det er ein del snakk og synsing på korleis det skal vere neste skuleår. Til dømes at klassene er ferdig inndelte. Lurer på kvifor ein får vite dette på bygda og ikkje i frå kommunen? Det er betre å ha eit foreldremøte der ein informerer om det ein kan sjølv om ein ikkje veit alt enno enn å ikkje ha møte.

Karen: Klassene til neste år er ikkje planlagde enno. Vi tek til oss signalet om at vi ikkje har vore gode nok til å informere og vil prøve å betre oss på dette framover.

Til møtet var det sendt inn spørsmål som vart svart ut i møtet. Spørsmål og svar ligg vedlagt referatet. FAU har samla inn desse spørsmåla gjennom klassegrupper på Facebook.

Avslutningsvis kom FAU med innspel om at foreldregruppa krev eit foreldremøte. Dette har kosta føresette veldig mykje og det er mange som har jobba hardt for at skulen ikkje skal verte nedlagt. FAU vil legge føringar for at dette ikkje skal vere eit møte der ein skal anklage, men at det kan kome spørsmål som til dømes gjeld om mitt barn skal ha iPad utdelt med heim. Dette er forventa, og det gagnar berre det å skape tillit i prosessen. Det er eit ønske om å bli sett.